

Demografiutredning

Notat etter møte den 150221

Volda sjukehus er og har vore ein stor og attraktiv arbeidsplass i distriktet i mange år. Oversiktene i dokumentet syner at antall eldre vil auke framover mot 2040- og dermed auka behov for helsetjenester i både primærhelsetjeneste og spesialisthelsetjenester.

At sjukehus finnes i distriktet er ein stor styrke for heile regionen, og vi vonar dette vil vere med på å auke lysta til å flytte tilbake til distriktet frå byane der ungdom har blitt utdanna. Vi er i dag eit sjukehus med både akuttberedskap og fødeavdeling. Vi ser det som svært viktig å behalde desse funksjonane også i eit framtidsperspektiv. God akuttberedskap gjev tryggleik for innbyggerane i regionen, dette er likeverdige helsetjester til innbyggerar i distrikta.

Signalisering til overordna mynde om at lokalsjukehusa i distrikta er viktig for å stimulere busetting.

Nasjonal sjukehusplan har slått fast kva akuttsjukehus vi skal ha i framtida. Det er viktig å satse på fagleg breidde på lokalsjukehusa- dette kan ein ved å flytte aktivitetar frå regionsentra til lokalsjukehus. Td desentralisering frå St Olav. Ein må satse på sterke fagmiljø og ei breidde på lokalsjukehusa som er fagleg relevante. Nettverksbygging med dei regionale fagsentra er viktig for å styrke og vareta fagmiljøa. Ein kan også etablere fleire fagområder på lokalsjukehusa for å stimulere til rekruttering.

Volda sjukehus ligg på topp i landet når det gjeld pasientar sine eigne erfaringar med spesialisthelsetjenesta – Eit gyldig perspektiv på opplevd kvalitet.

For å møte utfordringane framover treng vi sterke lokalsjukehus med sterke fagmiljø, breidde og som har god infrastruktur og økonomi.

For å rekruttere dei forskjellige fagspesialistar innan helse, er det ikkje berre sjukehuset åleine som tiltrekker seg fagpersonar, ein er avhengig av eit område som er attraktivt å bu i. Dette gjeld både eit aktivt næringsliv, utdanningsinstitusjonar og infrastruktur.

Kompetanseauke og stimulering til fagutvikling er både stimulerande og gir verdiskaping.

Vi ynskjer at både helseforetak / heimebasert omsorg og td høgskule samarbeider om å auke utdanning og kompetanse i distriktet. Dette kan vere deltidsutdanningar som gjer at ein slepp å flytte til byen for utdanning.

At ein td ser mulighetsrommet for å skape nye attraktive kompetanseutviklande kombinasjonsstillingar mellom dei forskjellige aktørane, -mellom spesialist, primærhelsetjeneste og høgskule.

Med venleg helsing

Palma Hånes

Klinikk Volda